



NOREGS HØGSTERETT

Den 29. juni 2018 sa Høgsterett dom i

HR-2018-1281-A, (sak nr. 18-051721STR-HRET), straffesak, anke over dom:

A (advokat Berit Reiss-Andersen)

mot

Påtalemakta (kst. statsadvokat Heidi Reinholdt-Østbye)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld straffutmåling for forsikringsbedrageri og for dokumentfalsk knytt til bedrageriet. Spørsmålet er i første rekke om straffa skal vera vilkårslaust fengsel eller samfunnsstraff.
- (2) A vart 2. oktober 2017 sikta for forsikringsbedrageri, jf. straffelova § 375 andre ledd, og dokumentfalsk, jf. straffelova § 361 første ledd bokstav a, for i mars 2017 å ha kravd 58 166 kroner frå If forsikring – If – ved bruk av forfalska kvitteringar og serviceraportar.
- (3) Bedrageriet vart gjennomført ved at A redigerte gamle serviceraportar og kvitteringar som han fann i databasen til sin dåverande arbeidsgjevar, slik at desse såg ut som dokumentasjon for skade på egne egedelar. Dette vart deretter sendt til If med krav om dekning av 58 166 kroner.
- (4) Forholdet vart oppdaga av If. Straks A vart konfrontert med mistanken, tilstod han overfor sin sjef, som hadde blitt kontakta av forsikringsselskapet. Deretter tilstod han overfor selskapet og til slutt overfor politiet. A fekk aldri utbetalt forsikringsbeløpet. Saka vart pådømt som tilståingssak i tingretten.

- (5) Ved X tingretts dom 31. oktober 2017 vart A dømt til samfunnsstraff i 45 timar med ei gjennomføringstid på 120 dagar. Påtalemakta anka tingrettens dom med påstand om at straffa skulle ha vore fengsel utan vilkår. Ved Frostating lagmannsretts dom 26. februar 2018 vart A, under dissens, dømt til vilkårslaut fengsel i 45 dagar. Mindretalet stemte for at anken vart forkasta.
- (6) A anka straffutmålinga til Høgsterett. Han har gjort gjeldande at det er grunnlag for samfunnsstraff og har lagt ned påstand om at straffa blir sett ned. Påtalemakta har lagt ned påstand om vilkårslaut fengsel i 26 dagar.
- (7) *Mitt syn på saka:*
- (8) A er dømt for forsikringsbedrageri og dokumentfalsk. Hovudspørsmålet i saka er om A skal dømmast til vilkårslaut fengsel eller samfunnsstraff.
- (9) Strafferamma for forsikringsbedrageri er fengsel i to år, jf. straffelova § 375 andre ledd. Sjølv om strafferamma er redusert i forhold til den tidlegare straffelova 1902 § 272, er det føresett i førearbeida at denne endringa "ikke tilsiktet justeringer i straffutmålingspraksis", jf. Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) side 16 og 466. Rettspraksis knytt til straffelova 1902 § 272 er såleis framleis relevant.
- (10) Saka dreier seg om den øvre grensa for bruk av samfunnsstraff; grensa mellom samfunnsstraff og vilkårslaut fengsel. Det springande punktet i saka er om omsynet til føremålet med straffa talar mot ein reaksjon i fridom, jf. straffelova § 48 første ledd bokstav b.
- (11) Straffelova § 48 er ei vidareføring av straffelova 1902 § 28 a første ledd, som sist vart endra ved vedtakinga av den nye straffelova. Også rettspraksis knytt til straffelova 1902 § 28 a første ledd er såleis framleis relevant. Eg viser her til Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) side 296:
- "Samfunnsstraff bør fremdeles bare kunne idømmes hvor hensynet til straffens formål ikke taler imot en reaksjon i frihet, jf. utkastet § 48 første ledd bokstav b. Som påpekt av Høyesterett i avgjørelsen i Rt-2002-1403, åpner dette kriteriet for en noe utvidet bruk av samfunnsstraff som erstatning for ubetinget fengsel, sett i forhold til tidligere praksis om samfunnstjeneste. I grove volds- og seksuallovbruddssaker, samt i andre saker hvor allmennpreventive hensyn normalt gjør seg sterkt gjeldende, bør domstolene likevel være svært tilbakeholdne med å idømme samfunnsstraff. Dette gjelder også i saker med unge gjerningspersoner."**
- (12) Forsikringsbedrageri er ein sakstype der "allmennpreventive hensyn normalt gjør seg sterkt gjeldende". Ein er difor ikkje i kjernen av det området lovgjevaren har signalisert for auka bruk av samfunnsstraff.
- (13) Etter tidlegare praksis skal det difor i utgangspunktet reagerast med vilkårslaut fengsel ved forsikringsbedrageri, med mindre det er tale om "forholdsviis beskjedne beløp" eller det ligg føre særlege omstende, jf. mellom anna Rt-2001-833, Rt-2003-1464, Rt-2004-1379, Rt-2004-1381, Rt-2004-1384, Rt-2006-1691 og Rt-2012-941. Det kan altså reagerast med samfunnsstraff der beløpet er lite eller handlinga av andre grunnar er mindre straffverdige.
- (14) I Rt-2003-1464 vart det, på den same måten som i vår sak, argumentert med at forsikringsbedrageri burde straffast likt med trygdebedrageri. Fleirtalet i Høgsterett tok

utgangspunkt i at grensa mellom samfunnsstraff og vilkårslaut fengsel i saker om trygdebedrageri på dette tidspunktet var på omlag 30 000 kroner. Fleirtalet peikte på at grensa vil ligge på eit noko lågare nivå ved forsikringssvindl, ettersom dei allmennpreventive grunnane her gjer seg gjeldande med noko større styrke, og antyda 20 000 til 25 000 kroner. Fleirtalet ville i den konkrete saka ikkje nytte samfunnsstraff ved eit forsikringsbedrageri på 24 540 kroner. Konsumprisregulert er dette beløpet i dag om lag 33 000 kroner.

- (15) Dette overslaget er nytta som utgangspunktet i seinare rettspraksis om forsikringsbedrageri. I Rt-2004-1384 var beløpet 67 110 kroner – noko Høgsterett uttalte var "klart for høyt" til at beløpet kunne medføre noko anna enn vilkårslaut fengsel. I Rt-2004-1379, Rt-2004-1381, Rt-2006-1691 og Rt-2012-941 vart det likevel idømt samfunnsstraff der dei nominelle beløpa var på høvesvis 49 500, 50 000, 67 700 og 130 000 kroner. I alle desse sakene låg det føre særlege omstende i form av tilbaketrekking av kravet, tilståing og lang sakshandsamingstid. Det er ikkje noko i denne praksisen som isolert sett tilseier ei endring i beløpet som grense for å kunne idømme samfunnsstraff ved forsikringsbedrageri.
- (16) Forsvararen har med styrke framheva rettferds- og konsekvensomsyn – og at det er eit lite forståeleg skilje mellom grensa for samfunnsstraff ved høvesvis forsikringsbedrageri og trygdebedrageri. Før eg ser nærare på dette, minner eg om at Høgsterett konsekvent har nytta "forholdsvis beskjedne beløp" som den relevante grensedraginga for forsikringsbedrageri. Ei tilsvarande formulering er ikkje nytta for trygdebedrageri.
- (17) Den nedre grensa for vilkårslaut fengsel ved forsettleg trygdebedrageri er gradvis oppjustert. I Rt-2002-1403 ga Høgsteretts fleirtal samfunnssteneste i 45 timar for eit trygdebedrageri på 53 306 kroner. Dette skil seg noko frå føresetnaden i Rt-2003-1464 der fleirtalet som nemnd la til grunn at grensa for trygdebedrageri gjekk ved om lag 30 000 kroner. I Rt-2006-1454 og Rt-2008-717 la Høgsterett til grunn at det som hovudregel bør reagerast med vilkårslaut fengsel når trygdebedrageriet overstig 60 000 kroner. I Rt-2008-1386 vart den rettleiande grensa uttrykkeleg knytt til grunnbeløpet i folketrygda – som i dag er 96 883 kroner. I Rt-2008-1386 avsnitt 12 uttalte førstvoterande:

"Jeg er enig med forsvareren i at beløpsgrensen på kr 60 000 vil måtte justeres på et eller annet tidspunkt. Men når den knyttes til et bestemt kronebeløp, følger det av sakens natur at det vil gå noen år mellom hver justering Høyesterett foretar. Konsekvensen blir sprangvise endringer, hvor bedragerier som dels pådømmes før og dels etter en justering, vil kunne få forskjellig utfall. Likhets- og rimelighetshensyn tilsier dermed at det for de aktuelle bedrageriene bør oppstilles en veiledende grense som løpende avspeiler inflasjons-, lønns- og inntektsutviklingen i samfunnet."

- (18) Etter mitt syn er det ikkje grunn til å knyte vurderinga av beløpet ved forsikringsbedrageri til grunnbeløpet. Det er heller ikkje tenleg å fikserer beløpet; det må i alle fall vera rom for ei justering i tråd med pengeverdien. Samstundes kan eg ikkje sjå at det er grunnlag for å endre den noko ulike straffutmålinga i dei to formene for bedrageri, uttrykt i Rt-2003-1464. Omsynet til allmennprevensjon gjer seg framleis gjeldande med særleg styrke ved forsikringsbedrageri. Eg meiner likevel, som også aktor har gjeve uttrykk for, at det no har oppstått eit for stort sprik i straffutmålinga mellom forsikringsbedrageri og trygdebedrageri. Grunnen til at det i praksis sidan 2003 har oppstått eit merkbart mishøve ved straffutmålinga mellom dei to bedrageriformene, er mellom anna at beløpet ved

trygdebedrageri har vore knytt til grunnbeløpet i folketrygda og at dette har auka monaleg meir enn pengeverdien.

- (19) Lovgjevaren har ved ei rekkje høve signalisert eit ynskje om auka bruk av samfunnsstraff. Eg viser mellom anna til Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) side 296 og Ot.prp. nr. 31 (2006–2007) side 54. For forsikringsbedrageri har dette likevel noko avgrensa vekt.
- (20) Som nemnd kan det under alle omstende likevel vera grunn til å justere beløpet noko ut over endringa i pengeverdien dei siste åra. Eg viser til Magnus Matningsdals merknader til straffelova § 48 på Rettsdata, note 336:
- "Selv om denne grensen skulle økes noe ut over økningen i konsumprisindeksen er det ikke gitt at Høyesterett nå har etablert et rimelig forhold mellom straffnivåene ved de to overtredelsene hvor det for begges vedkommende gjør seg gjeldende sterke allmennpreventive hensyn. Og det er ikke gitt at det er like velbegrunnet å innrømme forsikringsselskapene et langt sterkere strafferettslig vern enn det offentlige for utbetalinger som skyldes motpartens bedrageriske opptreden."**
- (21) Eg er samd i dette. Dei to nemnde formene for bedrageri har mange likskapstrekk. For begge lovbrota gjer sterke allmennpreventive omsyn seg gjeldande, særleg fordi begge systema er finansierte av andre og er avhengig av tillit for å fungere. I begge tilfella kan bedrageria vera vanskeleg å oppdage, men dette gjeld nok særleg for visse former for forsikringsbedrageri. Samstundes vil nok skuldgrad og livssituasjon gjennomgåande kunne vera ulikt for dei to formene for lovbrøt. Eg kan ikkje sjå at det er grunnlag i rettskjeldene, inkludert reelle omsyn, for å heve grensa for vilkårslaut fengsel for forsikringsbedrageri slik at ho blir identisk med trygdebedrageri.
- (22) Etter ei samla vurdering meiner eg at sjølv eit så vidt høgt beløp som i vår sak – 58 166 kroner – ikkje aleine kan vera til hinder for samfunnsstraff. Som det er peikt på i Rt-2003-1464 er det ikkje nødvendig å formulere eit eksakt beløp som skal tene som utgangspunkt for vurderinga. Straffa må vera tufta på ei avveging av alle omstende av tyding for val av reaksjonsform og utmåling. Forsikringsbedrageri kan ta mange former og omfattar ei rekkje ulike handlingar. Alvoret i, og straffverdet av, handlingane vil ofte variere, mellom anna ut frå korleis forsikringstilfellet er framkalla og på kva for måte bedrageriet er gjennomført. Å knyte grensa mellom vilkårslaut fengsel og samfunnsstraff til eit fast beløp ved forsikringssvindel, vil difor ikkje reflektere spennet i dei strafflagde handlingane, jf. også dei mange alternativa som er nemnde i straffelova § 375. Samstundes vil storleiken på beløpet som er freista tileigna sjølv sagt vera eit sentralt moment.
- (23) A er også domfelt for dokumentfalsk, jf. straffelova § 79. A misbrukte dokument i databasen til arbeidsgjevaren, noko som var eit tillitsbrot og tel i skjerpande retning ved straffutmålinga. Handlingane heng tett saman og eg finn ikkje grunn til å sjå særskild på kva dokumentfalsk her ville ha gjeve i straff isolert sett.
- (24) Bedrageriet vart gjort i prøvetida for ein dom på vilkår for brot på vegtrafikklova. A er også tidlegare bøtelagt for eit bedrageri, rett nok på under 2 000 kroner. I formildande retning må nemnast at A tilsto. Dette må få ei viss, men avgrensa vekt ettersom det skjedde først etter at If hadde oppdaga forholdet. Endeleg nemner eg at soning av ei kort fengselsstraff ikkje vil vera særskilt tungt for A. Han var 24 år på handlingstida, og han er ikkje i ein slik rehabiliteringssituasjon som etter praksis kan gje grunnlag for samfunnsstraff.

- (25) På denne bakgrunnen meiner eg det ikkje er grunnlag for å idømme samfunnsstraff. Ut frå dei momenta eg har framheva, meiner eg lagmannsretten har sett straffa for høgt. Eg meiner straffa her passande kan setjast til fengsel i 21 dagar.
- (26) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

I lagmannsrettens dom blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 21 – tjueein – dagar.

- (27) Dommer **Arntzen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (28) Dommer **Noer:** Likeså.
- (29) Dommer **Kallerud:** Likeså.
- (30) Dommer **Webster:** Likeså.
- (31) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

I lagmannsrettens dom blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 21 – tjueein – dagar.

Rett utskrift blir stadfesta: